



Dykkar ref.:

Vår ref.:

26/1950 - 2 / ARIRIN

Dato:

10.09.2026

Sak til uttale i høve søknad om midlertidig dispensasjon frå kommuneplan til akvakultur på Bugane

Kommunen sender med dette dispensasjonssaka til uttale før kommunen gjer vedtak i dispensasjonssøknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-1. Hofseth Sea Farming AS søker om midlertidig forlenging av den eksisterande dispensasjonen for akvakultur ved Bugane i Sykkylven kommune. Det blir søkt om ein dispensasjon fram til pågåande kommunedelplanprosess for sjøområde til Stranda, Fjord og Sykkylven er vedtatt.

Kravet det søkast om dispensasjon i frå

Det søkast om dispensasjon frå formålet «Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF)» i kommuneplanens arealdel. På dette arealformålet er «*Sjøareal avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor området.*» Det er ein godkjent midlertidig dispensasjon frå arealformålet til akvakultur på området som går ut 11.oktober 2026.

Aktørar

Søkar: Hofseth Aqua AS

Planstatus og omsynssoner

Gjeldande plan:	Kommuneplanens Arealplan 2013-2025
Planformål:	Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF)
Samfunnstryggleik:	Skredfare for anleggsplassering er vurdert i samband med dispensasjonsbehandling i 2021

Omtale av tiltaket

På Bugane er det i dag eit oppdrettsanlegg som er etablert på dispensasjon frå NFFF-formålet i kommuneplanen. Denne vart gjeve 11.10.2021 av Sykkylven kommunestyre. Dispensasjonen er midlertidig med 5 års varighet. Dato for gyldigheta til dispensasjonen nærmar seg. Den felles sjøarealplanen for Fjord, Stranda og Sykkylven der Bugane skal vurderast som permanent akvakulturformål er enda ikkje ferdigstilt. Søkjar ønskjer difor ein ny midlertidig dispensasjon frå same formål i kommuneplanen fram til kommunedelplan for sjøareala er vedtatt.

Søkjer si grunngjeving for dispensasjon:



- Bakgrunn for midlertidigheita for den eksisterande dispensasjonen var det pågåande arbeidet med rullering av kommuneplanen. Ved innvilgelse (av dispensasjon) var det forventat at rulleringa av kommunedelplan ville vere ferdig med utløpet av perioden.
- Villkåra for opphøveleg dispensasjon er oppfylt og vi har fått gjennomført ein betydningsfull strukturering av lokalitetane i fjordbassenget for å gi best mogleg biosikkerheit for både villaks og oppdrettsfisk. Vår erfaring er at lokalitet Bugane her vore ein vesentleg brikke for å reduserer lusepresset i fjordsystemet.
- For å hindre at lokaliteten må avviklast innan kort tid blir det søkt om dispensasjon fram til arbeidet med rullering av kommuneplanen er ferdig og vedtatt.
- Planformålet blir ikkje vesentleg tilsidesett fordi:
 - NFFF er stort og omsynet bak planformålet kan ivaretas i det meste av området avsett til formålet
 - Mogleg å ferdes inntil 20 meter frå anlegget og fiske inntil 100 meter frå anleggets ytterpunkt.
 - Det vart ved sist behandling av dispensasjon vurdert at planformålet ikkje vart tilsidesett. Det er ikkje noko som har endra seg for planformålet eller lokalitetens omfang som tilsei at ein anna vurdering skal leggjast til grunn no.
- Fordelane er større enn ulempene:
 - Ingen fysiske endringar frå dagens situasjon ettersom anlegget allereie er etablert. Ulempene akvakulturanlegget innebærer vil vere kortvaring forlengelse i tid, ikkje omfang.
 - Ingen nye begrensingar for ålmenta utover dei ulempen ålmenta allereie har innretta seg etter ved etablering.

Nabovarsel

Søknaden om dispensasjon er ikkje nabovarsla. Det ligg eit uregistrert jordsameige på land i nærleiken av oppdrettsanlegget. Desse vil få tilsendt saka til uttale.

Historikk og tidlegare vedtak i området

Plan- og bygningsloven:

Sykkylven kommunestyre gav den 11.10.2021 ein dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å kunne etablere akvakulturanlegg ved Bugane, aust for Ramstadvika med følgende føresetnader:

- Den totale lokalitetsbiomassen i Storfjorden blir uendra eller redusert
- Dispensasjonen blir gitt for 5 år, med krav om evaluering av påverknad på lakselus i anlegget og på villfisk
- Det blir elles vist til krav og oppmodingar frå Statsforvaltaren gjengitt i saka

Det skal i 5 års perioden haldast samarbeidsmøte mellom kommunen, havbruk og grendelaga i Ramstaddal, der rådgivande biologar/veterinær må delta for orientering og ytterlegare innspel.

Kommunen skal i 5 års perioden delta i minimum 2 årlege internrevisjonar ved miljøvernkonsulent(?) der ein observerer praktisering av sertifisering innan ASC sine krav for berekraft, samt miljøundersøkingar ihht. bruket sitt eige overvakingsprogram for miljø.

Kommentar frå kommunen: Kommunen har vore på ein internrevisjon på anlegget på Bugane. Dette var 11.mars 2024. Ifølge Svein Flølo i Hofseth Aqua er det ikkje arrangert samarbeidsmøte mellom kommunen, havbruk og grendalag i perioden, men Flølo opplyser at eit slik samarbeidsmøte er under



planlegging og vil bli avholdt i løpet av hausten. Kommunen har mottatt generasjonsevaluering av fiskehelsa på Bugane på generasjon V25 som er den første generasjonen med dypdrift på lokaliteten. Der står omtalt lusenivåer og behandlingar av førstegenerasjon med djupmerddrift opp mot sist generasjon (G2023) med overflatedrift.

Akvakulturloven:

Møre og Romsdal fylkeskommune gav Hofseth Aqua AS mellombels løyve til 01.06.2027 til å etablere akvakulturanlegg for matfisk av laks, aure og regnbogeaure på Bugane, 3120 tonn lokalitetsbiomasse.

Lokaliteten er med dette klarert for følgende løyve:

Hofseth Aqua AS; MA0010, MA0013, MNL0003, MNL0004, MSK0001, MST0002, MVD0006.

Lokalitet 23695 Skotungneset i Fjord kommune skal etter melding frå innehavar bli trekt inn 01.06.2022. Innehavar har også meldt at MTB på lokalitet 45058 Urdaneset skal reduserast frå 3900 tonn til 3120 tonn 01.09.2022.

Førebels vurdering

Rettsleg grunnlag for vurderinga

Kommuneplan Arealdelen, føreseigna punkt 5.1 Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF): *«Sjøareal avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor området. I NFFF-område som grensar inn til område for akvakultur, kan forankring av akvakulturanlegg strekke seg inn i sone for NFFF, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, er utan bøyemarkering eller anna som kan vere til hinder for skipsfarten.»*

Kommunen har etter plan- og bygningslova § 19-2 første ledd ein skjønsmessig kompetanse til å gi varig eller mellombels dispensasjon. Kommunen får først kompetansen dersom to vilkår i andre ledd i same føresegn er oppfylt:

1. Omsyna bak lova sin føremålsføresegn eller føresegna (-ene) det er søkt om dispensasjon frå må ikkje bli vesentleg tilsidesett ved ein dispensasjon.
2. Kommunen må gjere ei samla vurdering der fordelane med å dispensere må framstå som klart større enn ulempene. Med «klart større» syner forarbeida til lova til at fordelane må vere større etter ei kvalifisert interesseovervekt. Fordelane må vere av planfagleg art eller kunne grunngjevast i areal- og ressursdisponeringsomsyn. Det betyr at tilhøve av meir privat karakter ikkje kan tillegkast særleg vekt ved ei dispensasjonsvurdering. Sivilombodsmannen har i fleire uttalar sagt at tiltakshavar positivt må syne til fordelar med dispensasjonen. Blir det ikkje synt til fordelar eller berre fråvær av ulemper, gir det ikkje grunnlag for ein dispensasjon.

Omsyna bak føresegna det søkast om dispensasjon frå

NFFF områda i kommuneplanen skal vere til ålmenn bruk. Innanfor NFFF område skal ikkje akvakulturanlegg etablerast. Omsyna til lokale fiske- og friluftsinnteresser, samt viktige naturverdiar ligg til grunn.

Vurdering av 1. vilkår

Formålet med NFFF-området er å sikre ålmenta sin bruk av sjøareala og omsynta lokale fiske- og friluftsinnteresser og naturverdiar. Anlegget er allereie etablert på ein midlertidig dispensasjon og



drifter med konsesjon etter akvakulturloven. Søknaden om dispensasjon er for å kunne fortsette drifta fram til arealet er avklart i den pågåande prosessen med felles kommunedelplanen for sjøområda til Stranda, Fjord og Sykkylven kommune. Etter dispensasjonen vart gjeven i 2021 så vart denne felles planprosessen starta for å kunne avklare blant anna arealbruken til akvakultur i dei tre kommunane. Kommunedelplan for sjøområda er ikkje vedtatt enda. Kommunen hadde tru på at denne prosessen var avslutta i god tid før den midlertidige dispensasjonen på 5 år gjekk ut, men det er gjenståande vurderingar knytta til blant anna samla belastning på fjordområdet med bakgrunn av tiltaka føreslegen i planprosessen. Spørsmålet er om ein forlenging av den eksisterande situasjonen i området fram til vedtatt kommunedelplan vil vesentleg tilsidesette føresegna knytt til NFFF.

Ålmenta sin moglegheit til å ferdast og bruke området der anlegget ligg er påverka og vil forsette å bli påverka så lenge det er eit anlegg på Bugane. Det er likevel mogleg for ålmenta å ferdast 20 meter frå anlegget og fiske inntil 100 meter frå yttersida av anlegget. Tilgrensande landareal er bratt og det er få utbredde ålmenne friluftslivsinteresser knytt til dette, sjølv om det i tidlegare dispensasjonssak så blir området nytta til hjortejakt av Ramstad grunneigarlag. Ei forlenga dispensasjonsperiode vil ikkje føre til ein ny situasjon i området sidan ein anlegget allereie ligg på staden.

Når det gjeld tidsperspektivet fram til den felles sjøarealplanen skal sluttbehandlast så jobbar kommunane mot å fullføre kommuneplanen innan første halvdel av 2027. Det er motsegner og større problemstillingar som må løysast før planen kan vedtakast, men kommunane er i prosess med å knyte seg til fagpersonar som skal bidra med å få fullført planprosessen. Det vil difor vere ein avgrensa periode ein dispensasjon vil vere naudsynt før vedtak i kommunedelplanen vil avgjere om Bugane vil bli ein permanent akvakulturlokalitet eller ikkje i arealplanen.

Det er kommunen sin førebelse konklusjon at ei forlenga midlertidig dispensasjonstid for akvakultur på Bugane ikkje vil vesentleg tilsidesette NFFF-formålet.

Vurdering av 2. vilkår

Kommunen må vurdere om det er klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering. Det skal leggst særleg vekt på konsekvensane ein dispensasjon vil kunne få for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge.

Området der akvakulturanlegget ligg vil bli utilgjengeleg for dei ålmenne interessene NFFF-formålet skal ivareta. Søkjer presiserer at restriksjonane rundt anlegget vil vere avgrensa til ferdsel inntil 20 meter frå anlegget og fiske inntil 100 meter til anlegget. Det vil vere ein ulempe med å forlenge dispensasjonen, men med avgrensa arealmessig betydning. Ei ulempe er også at eit oppdrettsanlegg vil visuelt vere eit framandelement på staden, men det blir ikkje ein endra situasjon i frå slik området framstår i dag.

Utifrå fagrapportane som er lagt ved søknaden knytt til miljøpåverknad på sjøbotn så framstår det som at vidare drift av oppdrettsanlegget på Bugane kan ha ei negativ påverknad på sjøbotn under og i nærleiken av anlegget. I C-undersøkinga til BUG1/C1-stasjonen i anleggsona, 30 meter frå merdkant der B-undersøkinga viste mest belastning, viste undersøkinga dårleg miljøtilstand. Her vart det funne få artar. Dei andre stasjonane i overgangssonen vart klassifisert til god miljøtilstand. I grabbprøvene (sediment) skilde også BUG1 stasjonen seg negativt ut med sediment med noko lukt og brun/svart farge. Dei andre stasjonane hadde luktfrie og lyst sediment. I den alternative C-undersøkinga med ROV så var observasjonane frå video at det var klare tegn til belastning ved alle søkelinjene som var køyrt ved lokaliteten. Dette i form av større områder med Beggiatoa (bakterie) og misfarging av



sediment. Dei fleste observasjonane vart gjort direkte under eller nær anleggsramma. Dette kan tyde på at ei fortsatt akvakulturdrift vil vere ei ulempe for miljø- og botnforholda i nærleiken av anlegget.

Det vart i 2024 observert 126 kjøttkorallar innanfor sju søkelinjer innanfor ein radius på 1 km frå anleggslokaliteten. Det står i rapporten frå Åker blå det ikkje vart observert tydelege teikn på nedsatt helse på kjøttkorallane i området som endra farge, tildekking eller fysisk skade. Kjøttkorall er vurdert som nært trua på den norske raudlista for artar. At desse korallane som vart observert tilsynelatande ikkje har negative verknader frå oppdrettsanlegget gjer at kommunen held ei nøytral vurdering på vekting ulemper/fordel på dette punktet.

Søkjer opplyser at lokaliteten i dag drives med nedsenka drift, altså at merdane senkast djupare enn lakselusa normalt oppheld seg, noko som har gitt ei kraftig reduksjon i behov for avlusing på om lag 75%. Dei meina at det vil vere ei betydeleg fordel for heile næringa å fortsette å hauste erfaring frå denne driftsmetoden. For generasjon V25 blir det opplyst at avlusingstiltak vart naudsynt i etterkant av to omrøyringar i sjøen der varmt overflatevatn med luselarver truleg vart pressa ned til nivået der dei nedsenka fiskemerdane var plassert.

For fiskehelsa, fiskevelferd og miljøet vil det og vere ein fordel med drift på ein lokalitet der færre behandlingar med avlusing er naudsynt for kvar generasjon med fiskeutsett.

Omstruktureringa Hofseth Aqua gjorde når det vart gitt konsesjon etter akvakulturlova var å legge ned lokalitet Skotungneset og redusere MTB på lokalitet Urdaneset. Det vart då lenger avstand mellom anlegga som kunne redusere negativ påverknad på laksevandringa.

Sidan arbeidet med ei vurdering av Bugane som ein permanent akvakulturlokalitet i kommunedelplanen for sjøområdet har kome så langt, så kan ei argumentere at det vil vere ein fordel å kunne oppretthalde noverande midlertidige situasjon til kommunedelplanen er avklart. Dette for å unngå å måtte avvike eit oppdrettsanlegg innanfor eit areal som kan blir vedtatt til permanent akvakultur innanfor relativt kort tid og har ein konsesjon som strekker seg til 01.06.2027. Skulle kommunedelplanen konkludere med at området ikkje skal vere akvakultur, så vil den midlertidige dispensasjonen ikkje lenger gjelde.

Kommunen sin førebelse konklusjon er at det er klart større fordeler enn ulemper med å gi ein dispensasjon føresett at denne er midlertidig og tidsavgrensa fram til pågåande kommuneplanprosess er vedtatt.

Førebels konklusjon

Kommunen sin førebelse konklusjon er at er at vi er innstilt på å gi ein midlertidig dispensasjon i saka. Vi gir sektormynd og andre interessentar høve til å uttale seg før det blir fatta vedtak i saka, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Frist for uttale: 9. oktober 2026

Dokument

Dokument sendt til kommunen frå Hofseth Aqua AS i samband med dispensasjonssøknaden. Desse er tilgjengeleg på kommunen si heimeside under «[høyringar](#)»:

- Søknad om midlertidig forlengelse av midlertidig dispensasjon frå arealformål i kommuneplan etter plan- og bygningsloven
- Generasjonsevaluering Bugane V25



- B-undersøkelse Bugane 2026
- Bugane C-undersøkelse med ASCvurdering 2026
- Alternativ C-undersøkelse ved Bugane
- Miljørisikovurdering – Bugane
- Enkel strandsonebefaring Bugane 19.09.2024
- Strandsoneundersøkelse Bugane 04.11.2024
- VU oppfølgingsundersøkelse korallkartlegging Bugane
- HA Bugane Kartpakke til søknad 2021

Med helsing

Kristian Trandal
teknisk sjef

Arild Sunde Rinnan
arealplanleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Søknad om mellombels forlenging av mellombels dispensasjon frå areaformål i kommuneplan etter plan- og bygningsloven

Oversiktskart over Bugane

Akvakultur Bugane_Sjekkliste dispensasjon fylkeskommunen